



Ing.Taule AS  
Kvassnesvegen 33  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/406 - 16/16519

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
07.11.2016

## Rammeløyve og dispensasjon for etablering av avkøyrsle til FV 402 - gbnr 172/197 Hopland

### Administrativt vedtak. Saknr: 294/16

Tiltakshavar: Hopland Utviklingsselskap AS  
Ansvarleg søker: Ing. Taule AS  
Søknadstype: Søknad om løyve til etablering av refuge/fortau etter plan- og bygningslova (tbl.) § 20-2 bokstav a jf. § 20-3.

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå gjeldande plankart for oppstramming av eksisterande avkøyrsle ved etablering av refuge/fortau ved avkøyrsle frå FV 402 til KV9, på eigedom gbnr 172/171 og 172/79.

Oppgradering av avkøyrsla har vore ein føresetnad frå Statens vegvesen for å kunne gje løyve til igangsetting av bustadoppføring på eigedom gbnr. 172/197.

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå plankartet for etablering av refuge/fortau i strid med gjeldande plankart.

Det vert elles vist til søknad motteken 20.04.16 og påfølgjande korrespondanse seinast moteke 04.11.16.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 04.11.16 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (tbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 12 veker frå denne dato.

### Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Seim skule med utbetring av FV 402/id1263-201007 er definert som køyreveg og anna veggrunn.

### Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå plassering og utforming av avkøyrsle frå FV 402 til KV9.



Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:

**Søknad om dispensasjon fra Reguleringsplan ID 1263-201007 –Utvida bruk av avkøyring for GBNR 172/197 Seim.**

Vi viser til byggjesak 15/406–15/24775 der det er gitt rammeløyve for oppføring av bustad, samt brev fra Statens vegvesen datert 18. mai 2015 ref 2015/022457-003 og brev datert 9. mars 2016 ref 16/29467-1.

Vi søker hermed om dispensasjon frå overnemnde reguleringsplan i tråd med forslag til løysing av avkøyring frå Statens vegvesen.

Vedlagt situasjonsplan som viser tiltaket, samt teikning som viser oppbygging av refuge og plassering av eksisterande kummer for overvatn.

Vedlagt også siste brevet frå Statens vegvesen datert 9. mars 2016.

Vi ber om at ansvarsrettane i byggjesaka vert gjort gjeldande for opparbeiding av refuga.

### **Historikk**

Det har i samband med søknad om løyve til etablering av einebustad på eideom gbnr. 172/197 vore dialog med Statens vegvesen med omsyn til bruk av avkøyrsle til FV 402. Det vert vist til brev frå Statens vegvesen datert 18.05.15, 30.09.15 og 09.03.16.

I brev datert 09.03.16 vart det, av Statens vegvesen, skissert ei løysing som gjev ei oppstramming av avkøyrsla. STV har uttalt følgjande


«(...) Etablering av ei avkøyrsle i samsvar med plan føreset at køyrebanen i fylkesvegen vert sideforskyvd nordover. Dette er eit omfattande tiltak som truleg vil vere knytt til ei utbetring av ein større del av fylkesveganlegget. (...) Vidare står det (...) Etter Statens vegvesen si vurdering er det behov for å stramme opp avkøyrsla og tydeleg definere eit kryssingspunkt for gående langs vegen. Det er behov for å leie gåande, mellom anna skuleborn, trygt gjennom avkøyrsle området. Ei oppstramming som skissert vil også legge til rette for eit meir trafiksikkert køyremonster for køyretry som skal inn og ut av avkøyrsla. (...)»

Statens vegvesen har gjort si skisse til løysing tilgjengelig for ansvarleg søker, Ing. Taule AS, som på si side har søkt om dispensasjon frå reguleringsplan og løyve til etablering av refuge/fortau i samband med avkøyrsle frå FV 402 til KV9.

Det vart 02.09.16 gjennomført synfaring på staden med SØK, Statens vegvesen og Lindås kommune.

### **Plassering**

Etablering av refuge/fortau for å betre definere avkøyrsle frå FV 402 til KV9 er synt på situasjonsplan datert 19.04.16. Søknad gjeld etablering av refuge/fortau merka med brunt på nemnde situasjonsplan.



## **Uttale frå anna styresmakt**

Søknaden har vore på ekstern høyring til Hordaland fylkeskommune, Statens vegvesen og intern høyring til vegavdelinga og planavdelinga.

Fylkesmannen i Hordaland får vedtaket til klageurdering.

Det ligg føre positiv uttale frå Statens vegvesen datert 03.06.16;

### **Uttale – Dispensasjon frå reguleringsplan for opparbeiding av avkøyrsle – fv.**

#### **402 – gnr. 172 bnr. 197 – Lindås kommune**

Vi viser til e-post med vedlegg motteken 11.05.2016.

Vi viser til tidlegare uttaler i saka når det gjeld Statens vegvesen si vurdering av den.

Vi ser av eit av vedlegga at det har blitt sendt inn ein situasjonsplan saman med søknad om dispensasjon. Vi gjer merksam på at detaljar som t.d. oppbygging av refuge og plassering av kummar for overvatn må avklarast gjennom ein byggeplan som skal godkjennast av vegvesenet, jamfør merknad om vidare saksgang i vårt brev datert 09.03.2016.

Det ligg føre positiv uttale frå Planavdeling datert 10.06.16, sjå vedlegg.

Øvrige mynde har ikkje kome med uttale.

Det ligg føre vedtak om førehandstilsegn frå Statens vegvesen datert 03.11.16, det vert sett følgjande vilkår:

Vi set følgjande krav:

1. Avkøyrsla med tilhøyrande fortau vest for den (jamfør vedlagt teikning) skal vere ferdig bygd i samsvar med vilkåra nedanfor, og deretter kontrollert og godkjent av Statens vegvesen innan 3 – tre år frå datoен på dette vedtaket, elles fell tilseigna bort.
2. Kommunen skal ikkje gje igangsetningsløyve til omsøkt einebustad på gnr. 172 bnr. 197 før endeleg godkjent avkøyrsleløyve frå Statens vegvesen føreligg, jf. plan- og bygningslova § 27-4.
3. Det skal inngåast ein gjennomføringsavtale mellom Statens vegvesen og tiltakshavar om bygging av ny avkøyrsle og tilhøyrande fortau. Slike avtalar omfattar m.a. byggeplan. Vedlagt teikning (datert 16.09.2016) skal ligge til grunn for utarbeiding av byggeplan.
4. Kommunen skal ikkje gje igangsetningsløyve til utbetring av avkøyrsla og etablering av fortau før Statens vegvesen har godkjent ein byggeplan for prosjektet, og det er inngått ein gjennomføringsavtale mellom vegvesenet og tiltakshavar.
5. Avkøyrsla må opparbeidast i samsvar med vedlagte prinsippskisser og *Forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg*, som ligg på lovdata.no.
6. Avkøyrsla skal også kunne vere felles med eventuelle andre, som på ein naturleg måte kan nytte same avkøyrsle.
7. Det må vere snu- og parkeringsplass på eigen grunn. Det er ikkje tillate å parkere i frisiksonene.

## Nabovarsel

Søknaden er ikkje nabovarsla. Rørde partar er gjort kjent med tiltaket gjennom høringsrunde.

## VURDERING:

### Dispensasjon

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det dispenserast i frå ikkje verte vesentleg til sidesett.

For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må ligge innanfor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulempar dispensasjon kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Det er søkt om dispensasjon frå eksisterande plankart for å etablere refuge/fortau langs FV 402 for å definere eksisterande avkjørsle frå FV 402 til KV9. Etablering av avkjørsla i samsvar med plan vil vere eit omfattande tiltak som truleg vil vere knytt til ei utbetring av ein større del av fylkesveganlegget jf. skriv frå Statens vegvesen datert 09.03.16. Kommunen har i si vurdering av saka særleg lagt vekt på at omsøkt tiltak er eit resultat av dialog mellom Statens vegvesen og ansvarleg sokjar. Etablering av refuge/fortau vil betre tilhøva for mjuke trafikantar og på betre vis leie dei gjennom kryssningen.

Vidare vil oppstramming av avkjørsla betre legge til rette for eit trafikksikkert køyrmønster inn og ut av avkjørsla. Det er ikkje komme negative høyningsuttale i saka.

Kommunen finn at omsyna som plankartet med vist infrastruktur skal i vareta, ikkje vesentleg vert sett tilside som følgje av omsøkt tiltak. Gjennomføring av tiltaket vil betre tilhøva for mjuke trafikantar som skal krysse avkjørsla og vil gje eit meir føreseiileg køyremønster i høve dagens tilhøve. Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra er oppfylt for å gje dispensasjon frå gjeldande reguleringplan for etablering av refuge/fortau slik som omsøkt ved avkjøring frå FV402 til KV9.

## Privatretslege tilhøve

Aktuell grunneigar med omsyn til etablering av refuge/fortau på eigedom gbnr. 172/171 er Hordaland Fylkeskommune/Statens vegvesen. Kommunen legg til grunn at det gjennom dialog mellom grunneigar, kommunen og ansvarleg sokjar er sannsynleggjort naudsynte private rettar for tiltaket. Jf. plan- og bygningslova § 21-6. Løyve etter pbl. inneber ingen avgjersle av privatretslege tilhøve.

**Kommunen ser av opplysningar i matrikkelen at heimelshavar av gbnr. 172/197 er endra 16.09.15. Vi gjer merksam på at det ved søknad om IG for einebustad på eigedom gbnr. 172/197 må gjerars greie for endra tiltakshavar i saka.**

## **VEDTAK:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå reguleringsplanen for Seim skule med utbetring av FV 402/id1263-201007 for etablering av refuge/fortau for å stramme opp avkørsle frå FV402 til KV9. Dispensasjon vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Det skal ligge føre ein gjennomføringsavtale/byggeplan for utbetring/oppstramming av avkørsla og etablering av skissert refuge/fortau må vere godkjent av Statens vegvesen før arbeid kan ta til.
2. Nytt veganlegg langs FV 402 skal målast inn og data sendast til Statens vegvesen/Nasjonal vegdatabank (NVDB) i samsvar med dei krav som til ei kvar tid gjeld for slike data.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-2 bokstav a jf. § 20-3 vert det gjeve rammeløyve til etablering av refuge/fortau for å stramme opp avkørsle frå FV 402 til KV9. Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 19.04.16 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Oppdatert gjennomføringsplan samt erklæring om ansvarsrett skal ligge føre seinast ved søknad om igangsettingsløyve.
3. Det skal ligge føre byggeplan for tiltaket samt vere inngått gjennomføringsavtale mellom Statens vegvesen og tiltakshavar før det vert gjeve igangsettingsløyve.
4. Tiltaket skal ha endeleg godkjenning av Statens vegvesen samt ferdigattest etter plan- og bygningslova før det kan gjevast igangsettingsløyve til arbeid på eidegn gbnr. 172/197.

## **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

## **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvært.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/406**

## **Ansvær**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

## **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

**Avfall**

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

**Ferdigstilling**

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

*Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikke krev søknad om endring, skal tiltakshavar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.*

*Når det står att mindre vesentlege arbeid, kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal tiltakshavar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillende tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.*

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Elin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Hopland Utviklingsselskap AS                  Lurevegen 158                  5912                  SEIM

**Mottakarar:**

Ing.Taule AS                  Kvassnesvegen 33                  5914                  ISDALSTØ